



Jobbnorge-ID: 107374

Søknadsfrist: Avsluttet

Nettside:

Omfang:

Varighet:

Førsteamanuensis II (20% stilling)

Ved Det juridiske fakultet er det ledig ei mellombels stilling som førsteamanuensis (20%) i tre år. Stillinga er primært knytt til undervisning i faget skatterett.

Det juridiske fakultet har 30 professorar, 4 professor II, 16 førsteamanuensar, 1 førsteamanuensis II, 30 stipendiatar/universitetslektorar, 4 forskarar, 2 post.doc og 29 teknisk-administrativt tilsette i faste og mellombels stillingar. Fakultetet har om lag 2000 studentar. Av desse er om lag 100 innreisande utvekslingsstudentar.

For å verta tilsett må søkjaren ha mastergrad i rettsvitenskap eller tilsvarende juridisk utdanning og norsk doktorgrad i rettsvitenskap eller tilsvarende rettsvitenskapleg kompetanse.

Ved fakultetet vert det undervist til graden master i rettsvitenskap og ph.d.-graden.

Nærare opplysningar om fakultetet går fram av heimesida som har webadresse: <http://www.uib.no/jur>

Undervisningsspråket er til vanleg norsk. Det blir kravd at den som vert tilsett kan undervise på norsk eller eit anna skandinavisk språk.

Søklarar må dokumentere generell rettsvitenskapleg kompetanse. Minst eit arbeid må gje ei djuptgåande analyse i skatterett.

Det vil òg bli lagt vekt på personlege eigenskapar. Søklarane må ha gode samarbeidseigenskapar og evne til å bidra til oppbygging av eit godt fagmiljø.

Ein sakkunnig komité skal vurdere søklarane sine kvalifikasjonar. Hovudvekta vil bli lagt på vurderinga av dei innleverte vitenskaplege arbeida..

Det vil dessutan bli lagt vekt på pedagogiske kvalifikasjonar, erfaring med undervisning som byggjer på problembasert læring, erfaring frå popularisering/formidling, relevant praksis, fagpolitisk og administrativt arbeid. Den som vert tilsett, vil få medansvar for undervisninga i skatterett på masterstudiet ved Det juridiske fakultet i Bergen, og for den vidare utviklinga av studiet på denne studieordninga. Søkjaren skal difor gjere greie for sine kvalifikasjonar og planar for undervisning innanfor dette faget. Vi syner elles til dei generelle reglane ved universitetet om at innanfor si normale arbeidspålikt og faglege kompetanse kan den som vert tilsett også verta pålagt undervisning, rettleiing og eksamensarbeid utanfor den organisasjonseininga stillinga er knytt til.

Søklarar må redegjøre for sin pedagogiske kompetanse/undervisningserfaring.

Det kan bli nytta intervju i tilsettingsprosessen, og det kan vera aktuelt å nytta prøveforelesing.

Heile arbeidstida i stillinga som førsteamanuensis II er knytt til undervisning og undervisningsrelatert verksemd (m.a. rettleiing og eksamen).

Den som vert tilsett, må vera villig til å engasjere seg i utviklingsarbeidet innan sitt eige fag og for universitetet som heilskap.

Løn etter lønsssteg 72-77 (kode 1011/LR24), i lønsregulativet til staten.

Kvinner vert spesielt oppmoda om å søkje. Dersom dei sakkunnige finn at fleire søklarar har tilnærma like kvalifikasjonar, vil reglane om kjønnskvolterung i Personalreglementet for vitenskaplege stillingar verte følgde.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetjing og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn. Personar med innvandrarbakgrunn vert oppmoda om å søkje stillingane.

Universitetet i Bergen nyttar "meroffentlighet" ved tilsetjing i vitenskaplege stillingar. Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teken til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

Dei som vert tilsett må rette seg etter dei retningslinene som til kvar tid gjeld for stillinga.

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til dekanAsbjørn Strandbakken, e-post: asbjorn.strandbakken@jur.uib.no.

Søklarar må oppgje dei arbeida eller delar av arbeida som det skal leggjast særleg vekt på ved vurderinga. Desse bør ikkje vere fleire enn 10.

Søknad og CV skal sendast elektronisk via link på denne sida «Søk denne stilling» til Universitetet i Bergen

Kopier av vitnemål og attestar, vitenskaplege arbeid og ei liste over desse (i alt 3 eks/sortert i 3 like bunkar) sendast til Universitetet i Bergen, Det

juridiske fakultet, Postboks 7806, 5020 Bergen innan søknadsfristen. Dei vitenskaplege arbeidene og vitnemål må oversettast til eller vere på eit skandinavisk språk eller engelsk. Vitsskapelege arbeid på andre språk kan godkjennast etter særskild søknad innan søknadsfristen. Oversettingar av vitnemål og vitsskapelege arbeid må sendast fakultetet innan søknadsfristen.

Innleverte vitsskapelege arbeid blir ikkje returnert med mindre søkjaren ber om dette i søknaden.

Det blir elles vist til rettleiing for søkjarar på vevadresse: <https://www.uib.no/jur/om-fakultetet/reglement-og-retningslinjer>

Søknadsfrist:03.12.2014.

Søknaden skal merkast: 14/11265

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: